

Skure-is

Nødvendig utstyr:

- Ca. 10 steinar som har runda kantar
- Eit (sylvetøy-) spann / boks (eller liknande) på omlag 1 liter
- Vatn
- Frysar
- God tid
- Skiferhelle

Steinane skal vere om lag 2-3 cm store (figur 1). Dei kan gjerne vere flate, det mest viktige er at kantane ikkje er sylskarpe.



Figur 1: Boks til å lage skure-is i, samt eit utval stein til å ha oppi.

Førebu eksperimentet:

(Dersom de gjere dette i klassen, kan elevane gjerne vere med på å lage skure-isen.)

- 1) Fyll vatn i boksen til om lag 1 cm opp på sida (ca. 1 dl)
- 2) Sett i frysaren til det er frose (1-2 timar)
- 3) Legg 2-3 steinar oppi boksen og fyll på med vatn til steinane er dekkja (ca. 2 dl)
- 4) Sett i frysaren
- 5) Gjenta dette til boksen er full



Figur 2: Slik ser skure-isen ut når han er klar til bruk.

Gjennomføring:

Bruk isblokka med stein som de har laga på førehand. Isblokka inneheld småstein, på same måte som undersida av isbreen inneheld steinmateriale. Gni isblokka hardt (og lenge) mot underlaget. Isen er mjukare enn skiferen og difor er det steinane som skurer underlaget.

Forklaring:

Dette eksperimentet skal forklare kvifor U-dalar blir danna, at det tar lang tid og krev fleire istider. Eksperimentet skal også forklare korleis skuringsstriper blir danna. Læraren kan snakke litt om skuringsstriper som kryssar kvarandre og forklare at dei tilhøyrer ulike istider.

Aktuelle spørsmål:

1. Kva er skuringsstriper?

- ⇒ Striper i fjellet etter alle som har gått der.
- ⇒ Fordjupingar i isen som berget har laga.
- ⇒ Fordjupingar i berget laga av stein som er frose fast i sålen på breen.

2. Kva heiter spora som breen lagar i fjellet?

- ⇒ Bresprekkar.
- ⇒ Fjellstriper.
- ⇒ Skuringsstriper.

3. Kvifor kan skuringsstriper krysse kvarandre?

- ⇒ Ein bre har ikkje alltid same retning under to ulike istider.
- ⇒ Det skjer når breen går på kryss og tvers.
- ⇒ Det skjer når breen plutseleg snur.

4. Kva heiter det finkorna sedimentet som breen skurar laus?

- ⇒ Steinmjøl, eller silt og leire.
- ⇒ Skurestein.
- ⇒ Stein.

5. Korleis sliper breen bergunderlaget?

- ⇒ Han sliper med grus og steinblokker som er frose inn i undersida av breen.
- ⇒ Det er isen som sliper bergunderlaget.
- ⇒ Med sandpapir.

Svar på spørsmåla:

1. Fordjupingar i berget laga av stein som er frose fast i sålen på breen.
2. Skuringsstriper.
3. Ein bre har ikkje alltid same retning under to ulike istider.
4. Steinmjøl, eller silt og leire.
5. Han sliper med grus og steinblokker som er frose inn i undersida av breen.